

Folkevalde sine arbeidsvilkår

**Reglement gjeldande frå 1.1.2012
Vedteke i kommunestyret den 26.04.12, sak 25/12.**

INNHALD

	Side
Innleiing	3
Opplæring og informasjon	4
Kommunale møte	5
Vederlag for tapt arbeidsforteneste/brukt tid	7
Pensjon	9
Godtgjersle	10
Møtegodtgjersle	12
Telefongodtgjersle	13
Skyss- og kostgodtgjersle	14
Tolkingsspørsmål	14
Dei politiske partia	14
Regulativ, årlege satsar	15

Innleiing

Rett og plikt til å delta i møte i kommunale organ, er heimla i kommunelova § 40 nr.1.

§ 40 Rett og plikt til å delta i møter i kommunale og fylkeskommunale organer. Inhabilitet. Rett til dokumentinnsyn.

1. Den som er valgt som medlem av kommunalt eller fylkeskommunalt folkevalgt organ, plikter å delta i organets møter, med mindre det foreligger gyldig forfall.

Arbeidstaker har krav på fri fra arbeid i det omfang dette er nødvendig på grunn av møteplikt i kommunale eller fylkeskommunale folkevalgte organer. Arbeidstaker har også rett til permisjon fra sitt arbeid i fire år eller for resten av valgperioden for å utføre heltids- eller deltids kommunalt eller fylkeskommunalt verv.

Dei folkevalde sine rettar til godtgjersle og dekking av utgifter er heimla i kommunelova §§ 41 og 42.

§ 41. Dekning av utgifter og økonomisk tap.

1. Den som har et kommunalt eller fylkeskommunalt tillitsverv, har krav på skyss-, kost- og overnattingsgodtgjøring for reiser i forbindelse med vervet, etter nærmere regler fastsatt av kommunestyret eller fylkestinget selv.

2. Tap av inntekt og påførte utgifter som følge av kommunalt eller fylkeskommunalt tillitsverv erstattes opp til et visst beløp pr. dag, fastsatt av kommunestyret eller fylkestinget selv. Det skal fastsettes ulike satser for legitimerte og ulegitimerte tap.

§ 42. Arbeidsgodtgjøring

Den som har et kommunalt eller fylkeskommunalt tillitsverv, har krav på godtgjøring for sitt arbeid etter nærmere regler fastsatt av kommunestyret eller fylkestinget selv.

Bakgrunnen for at retten til arbeidsgodtgjersle for alle kommunale tillitsverv kom med i kommunelova, var at alle verv inneber ei viss belastning.

Kommunelovutvalet meinte at retten til godtgjersle ville bidra til ei oppvurdering av vervet og føra til auka rekruttering i det politiske arbeidet.

§ 43. Pensjonsordning.

Kommunestyret og fylkestinget kan selv vedta å opprette eller slutte seg til en pensjonsordning for folkevalgte i kommunen eller fylkeskommunen.

Opplæring av dei folkevalde

Opplæring

- a) I byrjinga av kvar valperiode vert det arrangert kurs for kommunestyret om dei grunnleggjande prinsippa for kommunal verksemd.
- b) Ordførar og rådmann har ansvaret for at opplæring vert sett i verk.
- c) I byrjinga av kvar valperiode skal det også gjennomførast opplæring utover dei grunnleggjande kursa for folkevalde.

Informasjon

- a) Alle praktiske og økonomiske ordningar som vert vedtekne vedk. dei folkevalde sine arbeidsvilkår, vert samla på Luster kommune si heimeside: www.luster.kommune.no
- b) Reglementa for kommunestyret, formannskapet og andre utval vert oppdaterte i samsvar med vedtak som er/vert gjorde. I reglementa skal det gå fram kva for delegasjonsmynde dei ulike organa er tildelt. Reglementa vert samla på www.luster.kommune.no
- c) Rådmannen har ansvar for gjennomføringa av punkt a) - b).

Kommunale møte

Møteplanar

- a) Ordfører er ansvarleg for at det vert utarbeidd halvårlege møteplanar for kommunestyret og formannskapet. Ordfører og leiar for plan- og forvaltningsstyret utarbeidar plan for dette utvalet.
- b) Fastsetjing av møte skal skje utifrå behov. Det skal takast omsyn til fri- og helgedagar. Juli månad skal vera fri for møte i folkevalde organ.
- c) Det kan haldast møte i tillegg til møteplanen dersom ekstraordinære tilhøve gjer dette naudsynt.
- d) Det kan haldast fjernmøte (telefonmøte) i enkeltsaker, jf. kommunelova § 30.

Tidspunkt for møta

- a) Møte i kommunestyret, formannskapet, plan- og forvaltningsstyret og administrasjonsutvalet skal i utgangspunktet haldast på dagtid. Møta kan haldast på kveldstid dersom leiaren finn det naudsynt.
- b) Kommunestyret startar møta kl. 12.00.
Politikardagen startar kl. 09.00 og vert avslutta kl. 16.00.
- c) Møte i andre kommunale nemnder, råd og utval skal i utgangspunktet haldast på kveldstid. Møta kan haldast på dagtid etter avtale med ordfører.

Møteplikt og møterett

I fylgje kommunelova § 40 nr. 1 har den folkevalde møteplikt i kommunale organ, med mindre vedkomande har gyldig forfall. Lova seier ikkje noko om kva som er "gyldig forfall", men i kommentarar til lova vert sjukdom og vektige velferdsgrunnar nemnt som døme.

Den folkevalde har også møterett, jf. kommunelova § 40 nr. 1: "Arbeidstaker har krav på fri fra arbeid i det omfang dette er nødvendig på grunn av møteplikt i kommunale eller fylkeskommunale organer." I kommentarar til lova heiter det likevel: "...slik at retten til fri fra arbeid i prinsippet gjelder fullt ut. Det framgår imidlertid av forarbeidene (.....) at hensynet til arbeidet likevel må godtas som gyldig forfallsgrunn når det foreligger "helt særskilte omstendigheter".

Dette kan vera når vervet medfører at den folkevalde har fråvær frå arbeidsplassen svært ofte, at fråværet er svært omfattande eller at særtrekk ved bedrifta eller arbeidstakaren sine funksjonar i bedrifta medfører særleg store vanskar eller skadeverknader ved fråvær i det omfang som er nødvendig for å utføra vervet.

Det skal meldast frå om forfallsgrunnen så snart ein har kjennskap til at ein vil vera lovleg forhindra frå å møta.

Saksdokument

- a) Saksdokumenta til folkevalde organ skal i hovudsak vere tilgjengelege på kommunen si heimeside.
- b) Saksdokument bør vera dei folkevalde i hende seinast 6 dagar før det kommunale møtet.
- c) Møtebøkene skal sendast dei folkevalde så snart dei er utarbeidde frå administrasjonen si side. Møtebøkene til folkevalde organ skal i hovudsak vere tilgjengeleg på kommunen si heimeside.
- d) I tillegg til medlemmene av kommunestyret vert saksdokument og møtebøker til kommunestyret sendt til eit høveleg tal varamedlemer.
- e) Til formannskapet, plan og forvaltningsstyret og administrasjonsutvalet skal saksdokument sendast til eit høveleg tal varamedlemer.
- f) Eldrerådet v/leiaren, kommunalt råd for funksjonshemma v/leiaren og ungdommen sitt kommunestyre v/leiaren skal ha tilsendt saklistene til plan- og forvaltningsstyret, formannskapet og kommunestyret.
- g) Leiaren i dei politiske partia får tilsendt saksdokument og møtebøker for plan- og forvaltningsstyret, formannskapet og kommunestyret.
- h) Gruppeleiarar i kommunestyret får tilsendt sakliste og møtebøker for møta i plan- og forvaltningsstyret og formannskapet.
- i) Til politikardagen vert saksdokumenta sendt til medlemmene og varamedlemene elektronisk. På møtedagen vil deltakarane få opptrykt forenkla saksdokument med sakliste og tilrådingar.
På rådhuset skal det vere høve til å ha med seg berbar pc i møta.

Politikardag

Utgangspunktet for ordninga nedanfor er at kvar møtedag utgjer ein normalarbeidsdag sett av til folkevalt arbeid, og kommunen refunderer tapt arbeidsforteneste for dei politikarane det til ei kvar tid gjeld. Innbakt i den politiske arbeidsdagen er reisetid, gruppemøte og det kommunale møtet.

- a) Kvar dag det vert halde møte i kommunestyret, formannskapet og plan- og forvaltningsstyret er ein politikardag.
- b) Politikardagen er frå 09.00 – 16.00 + reisetid.

Frammøteliste

Det vert utarbeidd eige skjema for frammøte i kommunale utval. Lista skal fyllast ut av leiar/sekretær for kvart utval som ved utgangen av juni og desember månad sender lista til alle som har delteke på møte i utvalet. Frammøtelistene vert sendt til møtedeltakarane på e-post.

Vederlag for tapt arbeidsforteneste/brukt tid (satsar – sjå regulativet på siste side)

Utrekna frå ordførar si godtgjersle/240 dagar.

Dokumentert sats: 0,42% av ordførar si godtgjersle pr. dag.

Udokumentert sats: 0,2% av ordførar si godtgjersle pr. dag.

a) Dokumentert tap

For folkevalde som får tap i arbeidsinntekta på grunn av kommunale verv, dekker kommunen dette tapet, løn og feriepengar, på grunnlag av attest frå arbeidsgjevar, opp til dokumentert sats pr. møtedag. Dersom den folkevalde har fri med løn til politisk arbeid, og det er arbeidsgjevar som sender krav til kommunen, dekker kommunen arbeidsgjevaravgift av inntil dokumentert sats.

Sjølvstendig næringsdrivande som kan dokumentera tap i inntekt på grunn av kommunale verv, får dekka dette tapet opp til dokumentert sats pr. møtedag. Tapet kan dokumenterast med likningsattest. Inntektstap vert utrekna etter netto årsinntekt (netto jordbruksinntekt/anna næringsinntekt) dividert med 240 dagar. Tapet kan også dokumenterast med attest over kostnadene med vikar.

b) Udokumentert tap

Folkevalde som får tap i arbeidsinntekt på grunn av kommunale verv, får utan attest dekka tapet med udokumentert sats pr. møtedag.

Folkevalde som er sjølvstendig næringsdrivande eller utan fast lønsinntekt (heimeverande, studentar, personar med omsorgsansvar) får vederlag med udokumentert sats pr møtedag.

Pensjonistar får dekkja mellomlegget mellom pensjon og udokumentert sats. Dagsats vert utrekna som bruttopensjon dividert med 260 dagar.

c) Redusert vederlag

Er fråveret frå arbeid kortare enn 4,5 timar, vert det ytt halvt vederlag.

d) Tilsette i offentleg verksemd

Tilsette i offentleg verksemd eller andre som opprettheld løna si under fråvær for å ivareta kommunale verv, får ikkje vederlag for tapt arbeidsinntekt.

Kommunalt tilsette som har offentlege verv opprettheld løna i 12 dagar, jf. Hovudavtalen, for så å få godtgjort etter reglane for folkevalde. Luster kommune har egne reglar for korleis slikt fråvær skal registrerast.

e) Møte på fritid

Folkevalde som møter på ein fridag, får vederlag for brukt tid etter udokumentert sats. Fritida må dokumenterast.

f) Møte på kveldstid

Det blir ikkje betalt ut tapt arbeidsforteneste for møte på kveldstid, med mindre tapet kan dokumenterast.

g) Omsorgsarbeid

Folkevalde som har omsorgsansvar for born, sjuke, eldre og funksjonshemma, får dekkja utgifter til omsorgsvikar inntil dokumentert sats.

Vikar må dokumenterast.

h) Generalforsamling

Kommunen sine utsendingar til generalforsamling får dekkja tapt arbeidsforteneste og reiseutgifter.

i) Vederlag for tapt arbeidsforteneste vert også gjeve for overtidsbetaling og anna ekstraintekt som er ei direkte fylgje av vervet som folkevald. For å få utbetalt slikt vederlag, må det sannsynleggjerast at den same inntekta ikkje utan vesentleg ulempe ville kunne inntenast på eit anna tidspunkt.

j) Utbetaling

For lønsmottakarar bør det avtalast med arbeidsgjevar at løna går uavkorta, og at oppgjeret for tapt arbeidsforteneste skjer etter krav frå arbeidsgjevar til kommunen kvart halvår, helst innan 10. august og 10. februar.

I byrjinga av kvar valperiode orienterer den folkevalde kommunen om tapt arbeidsforteneste vert kravd frå arbeidsgjevar eller om det skal betalast ut tapt arbeidsforteneste etter udokumentert sats.

Dersom den folkevalde skal ha udokumentert sats, vert det betalt ut etter frammøteliste utan særskilt krav frå den folkevalde.

Utbetaling i august og februar.

- k) Krav om tapt arbeidsforteneste utover dette (t.d. for reiser/kurs) må sendast særskilt.

Pensjon

Ordførar kan etter gjeldande reglar i KLP (Kommunal Lands Pensjonskasse) verta medlem i pensjonsordninga.

Kommunen og ordførar betalar kvar sine deler etter dei til ei kvar tid fastlagde prosentar av brutto godtgjersle.

Godtgjersle

Møtegodtgjersle er meint å vera ein kompensasjon for meirarbeid med politisk deltaking og førebuing på fritida.

Fast godtgjersle

a) Ordførar

Ordførar i heiltidsstilling skal ha ei årleg godtgjersle som vert fastsett av kommunestyret. Ordførar får ei årleg reisegodtgjersle på kr. 20.000 for reiser innanfor kommunegrensene. Ordførar får Sogn Avis og ei valfri avis dekkja av kommunen.

b) Varaordførar

Varaordførar får ei årleg godtgjersle på 6% av ordføraren si godtgjersle. Godtgjersla dekker representasjonsoppgåver og kortare vikaroppdrag for ordføraren (inntil ei veke). Ved lengre vikaroppdrag vert varaordførar avlønna tilsvarande ordføraren si godtgjersle. I tillegg skal varaordførar ha 5% av ordføraren si godtgjersle, som dekker møtegodtgjersle i formannskapet.

c) Formannskapet

Formannschaftsmedlemene får ei årleg godtgjersle som tilsvarar 5% av ordføraren si godtgjersle. Godtgjersla dekker møtegodtgjersle for 25 møte i formannskapet og representasjonsoppgåver. For møte utover 25 vert godtgjersle betalt som næringsutvalet.

d) Utvalsleiar

Leiar av plan- og forvaltningsstyret får ei årleg godtgjersle lik 2,5% av ordføraren si godtgjersle. Godtgjersla dekker møtegodtgjersle for 8 møte i utvalet og representasjonsoppgåver. For møte utover 8, vert det betalt ei godtgjersle på kr 800,- pr. møte.

e) Leiar av kontrollutvalet får ei fast årleg godtgjersle tilsvarande 2 % av ordføraren si godtgjersle. Godtgjersla dekker møtegodtgjersle for 6 møte i kontrollutvalet og leiaroppgåver. For møte utover 6, vert det betalt ei godtgjersle på kr. 800,- pr. møte.

f) Rekneskapsførar for overformynderiet får ei fast årleg godtgjersle tilsvarande 3% av ordføraren si godtgjersle. Godtgjersla dekker møtegodtgjersle for 10 møte i overformynderiet og leiaroppgåver. For møte utover 10, vert det betalt ei godtgjersle på kr 800,- pr. møte.

h) Bebuarrepresentanten ved sjukeheimane får ei fast årleg godtgjersle tilsvarande 1,5% av ordføraren si godtgjersle.

i) Dei som får fast årleg godtgjersle får ikkje møtegodtgjersle for møte i eigne utval.

j) Den faste godtgjersla vert betalt ut månadsvis.

Fråvær frå meir enn 1/3 av møta i kalendaråret, fører til 25% reduksjon av godtgjersla. Varamedlem som møter på meir enn 1/3 av møta i kalendaråret, får utbetalt den faste godtgjersla.

Ettergodtgjersle

Ettergodtgjersle til folkevalde som har verv på halv tid eller meir når valperioden går ut:

- Godtgjersle tilsvarande 1 ½ månad dersom vedkomande har ein jobb å gå tilbake til.
- Godtgjersle tilsvarande 3 månader dersom vedkomande ikkje har ein jobb å gå tilbake til.

Møtegodtgjersle

a)

Gruppe I: Kommunestyret, møtande varamedlemer til formannskapet, medlemer og møtande varamedlemer i plan- og forvaltningsstyret.
Kr. 700,- pr. møte.

Gruppe II: Kontrollutvalet, overformynderiet, næringsutvalet, administrasjonsutvalet og mellombelse komitear.
Kr. 600,- pr. møte.

Gruppe I-II: Dersom møteleiar har forfall til møtet, får fungerande møteleiar eit tillegg på kr. 250,- pr. møte.
Leiar for mellombelse komitear får eit tillegg på kr. 250,- pr. møte.

Gruppe III: Medlemer i andre kommunale nemnder, styre, råd og utval som er valde av kommunestyret og formannskap, og medlemer i lovpålagde utval, skal ha kr. 300,- pr. møte, med unntak av samarbeidsutvala ved skulane og barnehagestyra der møtegodtgjersla vert kr. 200,- pr. møte.

Presisering:

Foreldrerepresentantane i samarbeidsutval og barnehagestyre skal ikkje ha utbetalt møtegodtgjersle.

Medlemer i Ungdomens kommunestyre og i arbeidsutvalet til Ungdommens kommunestyre, skal ha kr. 300,- pr. møte.
Leiaren skal ha eit tillegg på kr. 300,- pr. møte.

Leiaren i eldrerådet og leiaren i rådet for funksjonshemma skal ha utbetalt eit tillegg på kr. 300,- pr. møte.

- b)** Varamedlemer som vert innkalla til å møte på deler av møtet, t.d. ei einskild sak, får halv møtegodtgjersle.
- c)** Dersom dei folkevalde møter i fleire kommunale møte same dagen, vert det betalt møtegodtgjersle kun for det møtet som har den høgste godtgjersla.
- d)** Arbeidstakarane sine representantar i kommunale styringsorgan har dei same rettar som dei folkevalde.

- e) Møtegodtgjersle vert utbetalt 2 gonger pr. år. etter frammøteliste, som hovudregel i februar og august.

Møtegodtgjersle vert ikkje utbetalt til:

- a) Tilsette som i kraft av si stilling er valde medlemmer til kommunale styringsorgan. (Tillitsvalde etter hovudavtale/hovudoverenskomst fell utanfor)
- b) Det vert ikkje betalt ut møtegodtgjersle for synfaringar og samrådingar utanom møta, dersom ikkje heile styret, rådet eller utvalet er samla.
- c) Kommunalt vald styremedlem i sjølvstendige institusjonar får ikkje godtgjort noko etter det kommunale regulativet.
- d) Det vert ikkje betalt ut møtegodtgjersle for temadagar i kommunestyret.
- e) Det vert ikkje betalt ut møtegodtgjersle på opplæringsdagar, kurs o.l.

Telefongodtgjersle

Det vert betalt ut slik årleg telefongodtgjersle:

Ordførar: kr. 2.000,-
Luster kommune held mobiltelefon til ordførar.

Varaordførar: kr. 1.000,-
Formannskapet: kr. 1.000,-
Leiar av plan- og forv.: kr. 750,-
Leiar av kontrollutvalet: kr. 500,-
Leiar av overformynderi: kr. 500,-
Telefongodtgjersla for ovannemnde skal utbetalast kvar månad.

Leiar av eldreråd, rådet for funksjonshemma og ungdommen sitt kommunestyre får ei årleg telefongodtgjersle på kr. 500,-.

Denne godtgjersla vert betalt ut kvart halvår.

Pc- og internettgodtgjersle

Ordførar har kommunal pc, og får dekkja 0,5% av ordførargodtgjersla for å ha internetttilgang heime.

Dei av kommunestyret og varamedlemer som får saksdokument elektronisk tilsendt får 1% av ordførar si godtgjersle fyrste året i valperioden for å halde privat pc og ha internetttilgang heime.

Dei øvrige åra i valperioden blir tilskotet sett til kr. 2000,-.

Dei dette gjeld får ei kommunal epostadresse.

Skyss- og kostgodtgjersle

Dei folkevalde får dekkja skyss og kostgodtgjersle etter det kommunale regulativet for reiser i kommunal teneste. Det vert ikkje betalt ut kost- og nattillegg for reiser innan kommunen.

Så langt det er råd må medlemene nytta sams framkomstmiddel. Krav skal sendast kommunen innan 10. juli og 10. januar.

Tolkingsspørsmål

Formannskapet skal handsama tolkingsspørsmål i samband med regelverket. Formannskapet har endeleg avgjerdsrett.

Dei politiske partia

Bruk av kommunalt eigde lokale

- a) Alle kommunalt eigde lokale blir vederlagsfritt stilte til rådvelde for dei politiske partia. Dette gjeld møtelokale i rådhuset, samfunnshus, skulehus og andre kommunale bygg som elles blir leigde ut til møterom.
- b) Ein føresetnad for gratis leige er at lokala blir tinga på førehand, og at dei ikkje er utleigde til andre. Vidare er det ein føresetnad at lokala blir nytta til møteverksemd og anna politisk arbeid som ikkje er inntektsgevande.

Kopiar

Dei politiske partia får kopiera til ein pris på kr. 1,- pr. kopi uavhengig av talet på kopiar.

Økonomisk støtte

Kommunestyret fastset kvart år ein budsjettsum som vert fordelt på partia etter etter slik fordelingsnøkkel:

1/3 av budsjettsummen skal fordelast i grunnsom til kvart parti som er med i kommunestyret.
2/3 av budsjettsummen vert fordelt prosentvis til partia som er med i kommunestyret, ut frå valresultatet.

.....

Regulativ for godtgjersler og vederlag til folkevalde

Satsar gjeldande pr. 1.1.16.

Faste godtgjersle pr. år:

Ordfører	Kr.	742.189,-
Varaordfører	Kr.	81.640,-
Formannskapsmedlemer (unnateke ordfører og varaordf.)	Kr.	37.110,-
Leiar plan- og forvaltningsstyret	Kr.	20.554,-

Leiar kontrollutvalet Kr. 14.843,-

Bebuarrepresentant ved sjukeheimane (=leiar i eldreråd) Kr. 11.133,-

Møtegodtgjersle pr. møte (sjå side 12):

Gruppe 1	Kr.	700,-
Gruppe 2	Kr.	600,-
Gruppe 3	Kr.	300,-

Tapt arbeidsforteneste, dagsatsar (sjå side 7) :

Dokumentert sats:	Kr.	3.118,-
Udokumentert sats:	Kr.	1.484,-

Telefongodtgjersle, årleg:

Ordfører: Kr. 2.000,-
Luster kommune held mobiltelefon til ordfører.

Varaordfører:	Kr.	1.000,-
Formannskapet:	Kr.	1.000,-
Leiar av plan- og forv.:	Kr.	750,-
Leiar av kontrollutvalet:	Kr.	500,-
Leiar av overformynderi:	Kr.	500,-
Leiar av eldreråd:	Kr.	500,-
Leiar av rådet for funksjonshemma	Kr.	500,-
Leiar av ungdommen sitt kommunestyre	Kr.	500,-

Pc- og internettgodtgjersle, årleg:

- Ordfører Kr. 3.711,-

- Kommunestyret og eit utval varamedlemer for 2016 Kr. 7.422,-
I 2017, 2018 og 2019 blir tilskotet Kr. 2.000,-